





FS rundballehekk

- gir minimalt fôrspill

Med dobbel rist og tett bunn er FS rundballehekk en hygienisk løsning som gir mindre fôrspill. Kjegleformet bunn gjør at ballen «deler» seg, og dermed blir det ingen gjenstående rester av ballen som sauene ikke får tak i, og vi får god utnyttelse av grovfôret.

- 28 eteplasser
- Tett bunn (fungerer fint til kraftfôr)
- 1,90 m diameter utvendig ring og 1,65 m innvendig ring
- Totalhøyde 1,25 m



 www.fjossystemer.no

FJØSSYSTEMER
Bonden og dyrenes førstevalg

Hordaland Sau og Geit Årsmelding 2023

Program årsmøtet i HSG 2024	5
Sakliste årsmøtet i HSG 2024	6
Innstilling frå valnemnda	6
Arbeidet i fylkeslaget	9
Styret i HSG	10
Nemnder i HSG	12
Referat årsmøtet i HSG 2023	14
Leiar møtet 2023	22
Innspel jordbrukstingingane 2023	26
Leiarar i Hordaland Sau og Geit	28
Avlsutvalet for sau, årsmelding 2023	32
Vestland Bjøllelag SA, årsmelding 2023	36
Gjetarhundnemda, årsmelding 2023	44
Organisert beitebruk 2023	50
Årsrekneskap HSG 2023	56
Helsing frå Nortura	60
Etne Sau og Geit, årsmelding 2023	62
Lokallag med medlemstal	71
Gromsau er tildelt Eiliv Veseth	72
Kommunestatistikk for Vestland 2023	74
Statistikk geitemjølke 2023	76
Regionsoversikt	79
Julebord Stord hotell	82
Årsrapport om rovvilt	84
Etne blir NM-vertskap Saueklipping og Ullhåndtering	89

Vi har det meste til Saueholdet!



Kontakt:

Tlf: 52 81 80 60

e-mail: sms@kslagri.no

www.kslagri.no

Følg oss også på Facebook  : Europro karmøy sveis og landbruk

Program for årsmøtet i HSG 2024

Tid: 1. - 2. mars 2024

Stad: Thon Hotel Sandven, Norheimsund



Program fredag 1. mars

Kl. 16.30 Frammøte m/kaffi og rundstykke.

Kl. 17.00 – 17.45 Er ikkje klart enno

Kl. 17.45 Kampen om utmarka v/Ketil Trongmo styremedlem NSG

Kl. 20.00 Festmiddag m/ utdeling av premiar



Program lørdag 2. mars

Kl. 08.30 Registrering.

Kl. 08.45 Namneopprop, opning av årsmøtet.

Kl. 09.00 Velkomen til Kvam!

Kl. 09.30 Leiarens tale v/Reidar Kallestad

Kl. 09.45 Årsmøtet held fram med årsmøtesaker.

Kl. 10.30 Pause m/kaffi (utsjekk av hotellet).

Kl. 11.00 Nye og aktuelle saker frå NSG v/Ketil Trongmo styremedlem NSG

Kl. 12.30 Lunsj.

Kl. 13.30 Årsmøtet held fram med årsmøtesaker.

Kl. 14.45 Pause m/kaffi.

Kl. 15.00 Årsmøte held fram med årsmøtesaker

Årsmøtet slutt ca. klokka 16.00

Sakliste årsmøtet i HSG 2024

Sakliste:

1. Opning av møtet
 2. Namneopprop
 3. Godkjenning av innkalling og sakliste
 4. Val av 2 personar til å skriva under møteboka
 5. Årsmelding
 6. Rekneskap
 7. Val av leiar 2024
 - På val: Reidar Kallestad
 8. Val av styremedlemmer for 2. år
 - På val: Kjetil Rødland og Svanhild Aksnes
 9. Val av nestleiar for 2024
 10. Val av varamedlemmer til styret for 2024
 11. Val av møteleiar til årsmøtet 2025 med vara
 12. Godtgjersle til leiar og styremedlemmer for 2024
 13. Val av valnemnd for årsmøtet 2025
 14. Val av utsendingar med vara til Årsmøte NSG 2024 (5 utsendingar med 5 varautsendingar i nummerrekkefølge)
 15. Innkomne saker
 16. Søknad frå Vestland Radiobjøllelag SA om økonomisk tilskot
 17. Arbeidsplan for 2024
 18. Budsjett HSG 2024
 - Budsjett Avlsutvalet 2024
 - Budsjett Gjetarhundutvalet 2024
- Avslutning v/leiar

Innstilling frå valnemnda

Valnemndas forslag til val i Hordaland Sau og Geit 2024:

Funksjon	Namn	Region	Periode
Leiar	Reidar Kallestad	Region 4	1 år
Nestleiar	Ola Steinsland	Region 2	1 år
Styremeldem	Kato Hilleren	Region 3	ikkje på val
Styremeldem	Ola Steinsland	Region 2	ikkje på val
Styremeldem	Svanhild A. Botnen	Region 5	2 år
Styremeldem	Kristina Jordalen	Region 7	2 år
1. Vara	Mons Kjetil Vevle	Region 3	1 år
2. Vara	Lars Johan Tveit	Region 6	1 år
3. Vara	Randi Frette	Region 1	1 år

Val av møteleiar for 2025

Møteleiar Ove Holmås Region 4
Vara møteleiar Nils Inge Hitland Region 3

Godtgjersle til styret

Leiar: 26 000,-

Nestleiar: 14 000,-

Leiar Gjetarhundnemnd: 14 000,-

Leiar Avlsutvalget: 14 000,-

Møtegodtgjering etter NSG sine satsar for alle styremedlemmer og utvalsmedlemmer.

Valnemnd 2025:

Region	Namn	Vara	Periode
Region 1	Vidar Aastvedt	Kjetil Småbrekke	2 år
Region 2	John Karsten Raunholm	Kenneth Tverrfjell	2 år
Region 3	Andreas Vorland	Olaug Hove Hitland	ikkje på val
Region 4	Ole Johan Eidsnes	Odd Midtbø	2 år
Region 5	Even Øyri	Lars Norheim	ikkje på val
Region 6	Frode Tveito	Ragnar Byrkjenes	ikkje på val
Region 7	Knut Skjervheim	Jon Atle jordalen	ikkje på val

Merkand: Olaug Hove Hitland går inn som vara for region 3 då Mons Kjetil Vevle er innstilt som 1 vara til Styret.

Regionoversikt

Valnemnda vil oppfordre styret til og ta ein gjennomgang på dagens regionoversikt og ser om det kan vera fornuftig med endringar etter kommunesamanslåingar og endringar av lokal lag, til dømes at Granvin no høyrer til Voss Herad og hadde passa betre i region 7, enn region 6. Mogleg styret kan komme med eit eventuelt forslag til endring av lokallag i regionane til neste årsmøte i 2025.

Valnemnda vil oppfordre styret til og sjå om ein kan oppretta ny post i budsjettet for godtgjersle til sosiale media / heimeside redaktør, kanskje dette kan føre til enda meir oppfølging av heimesida og tilgjengelege referat.

For Valnemnda i Hordaland Sau og Geit
Andreas Vorland

TYSSE
XTREME
- for ekstra tøff, profesjonell bruk



Bladfjærer Dual Drive™ | Kraftig konstruksjon | LED Lys
| Støysvak | Helsveist varmgalvanisert understell

ATV TILHENGERE

Tysse ATV tilhenger 6012 er bygget for å tåle store ujevnheter i underlaget. Med store, kraftige hjul og aksel med pendelarm, vil du merke at en Tysse ATV henger 6012 vil opprettholde stabiliteten og gi deg god styringsevne selv på ujevnt terreng. Fordi akselen pendler uavhengig på hver side, vil hjulene alltid holde seg på bakken. Tysse ATV henger kan leveres registrert som traktortilhenger, og du kan dermed bruke den på offentlig vei.



SAUEGRIND

Sauagrind med baklem og presenning for montering på frontvegg. Skillevegg m/dør kan leveres som ekstrautstyr.

Sauegrinder leveres med disse kassemålene:
250/150/90
320/150/90
320/180/90
366/180/90



Arbeidet i fylkeslaget

Arbeidsoppgåver

Styret har hatt denne fordelinga av arbeidsoppgåver i 2023:

- Reidar - NSG, organisasjonar, organisert beitebruk og Statsforvaltar
- Kjetil - Økonomi
- Svanhild Aksnes - Heimesida/Facebook
- Kato Hilleren - Avlsarbeid
- Ola Steinsland - Medlemsarbeid
- Lars Johan Tveit - gjetarhund

Heimesida


Svanhild Aksnes Botnen har ansvaret for heimesida.

Ta kontakt om ditt lokallag har info til HSG sin heimeside.



www.nsg.no/hordaland/

På heimesida finner du nyheiter, fagstoff, møtereferat, kurs og møteinnkallingar og anna stoff frå arbeidet i fylkes- og lokallaga.



Facebook

HSG har eiga Facebooksida.

www.facebook.com/groups/337959843013371

Denne sida har diverre blitt «hakket» fleire gonger.

► Takk til alle samarbeidspartnar og spesielt takk Fatland og Nortura for utsending av tekstmeldingar med påminning om aktivitetane våre.

Styret i HSG

Namn	Telefon	E-post
Leiar Reidar Kallestad	415 60 048	reidar.kallestad@online.no
Nestleiar Kjetil Rødland	911 79 771	kjetil.rodland@tverberg.com
Svanhild Aksnes Botnen	915 28 424	svanhild78@gmail.com
Ola Steinsland	918 76 370	ola.steinsland@vlfk.no
Kato Hilleren	478 02 032	kato.hilleren@outlook.com
1.vara Lars Johan Tveit	916 88 128	ljtveit76@gmail.com
2. vara Arne Grindheim	915 28 424	arne_gr@yahoo.no
3. vara Kristina Jordalen	97 531 140	kristinajordalen@live.no
Sekretær Karulf Håkull	971 65 537	karull.hakull@outlook.com Privat
		postmottakhsg@outlook.com HSG



Fra venstre Kjetil Rødland, Reidar Kallestad, Ola Steinsland, Kato Hilleren, Kristina Jordalen, Arne Grindheim, Svanhild Aksnes Botnen. Foto: Karluf Håkull.

Rekneskapen er ført av Voss Rekneskapslag.

Det har vore 8 styremøte, fysisk møte og Teams. Styret har handsama 67 saker i 2023. Til styremøta har gjetarhundnemnda og avlsutvalet, blitt kalla inn der det har vert saker som kjem under desse utvala. 1. vara til styret har møtt i styremøta.

Sakene som er vorte handsama i styret er:

- Jordbruksforhandlingane
- "Skrantesjuka" på Hardangervidda
www.nsg.no/aktuelt/beitebruk/skrantesjuka-cwd-pa-hardangervidda
- Dyrevelferdsprogram for sau
- Kjøtt i skulen
- Økonomisk støtte til Vestland Radio-bjøllelag SA
- Økonomisk støtte til klyppekurs i Hordaland
- Landsmøte i NSG
- Representantskapsmøte i NSG
- Gjetarhund
- Ull konferansar
- Vestland Bondelag
- Statsforvaltaren i Vestland, m/tema beitebruk
- Marknadssituasjonen for sau/lam
- Avlsutval HSG
- Årsmøte HSG
- Rekneskap HSG
- Budsjett HSG
- Apotekavtale
- Leiarsamling HSG
- Arbeidsplanen 2023
- Medlemstal/medlemsutvikling
- Heimesida
- Organisasjonsarbeid
- Kåring 2023
- Arbeidet i regionane
- Teams møte med lokallaga
- Kurs for nye bønder
- Dvp (dyre velferdsprogrammet)

Referata for møta ligg på heimesida.

Reidar har møtt i møte med Landbruksrådet Vestland. I tillegg digitale møter med Bondelag og Bonde- og Småbrukarlaget. NSG har hatt eit digitalt møte med fylkesleiarane ein gong i månaden. Teams møte med lokallaga og leiar i NSG Ronald Slemmen.

Lager av sau/lam

Styret har fulgt med på tilførsel av sau/lam og etterspørslel. Ved nyttår var lager av sau/lam tomme. Dette er nok eit resultat av at i 2023 blei slakta 34.000 ferre lam.

Rovdyr

Det er ikkje komt melding om tap av småfe i forhold til rovdyr. Det er meldt om tap i enkelte områder at Ørna er aktiv.



Organisasjonssjef i Norges Bondelag, Astrid Solberg

Nemnder i HSG

Avlsutvalet for sau 2024:

Namn	Utnemnt år	Til og med
Tore Atle Sørheim – leiar for 2024	2023	2025
Nils Inge Hitland	2024	2026
Mons Kjetil Vevle	2022	2024
1. vara Ingunn Hildon Teigland	2024	2024

Leiar utnemnt for eit år om gangen.

Gjetarhundutvalet for 2024:

Namn	Utnemnt år	Til og med
Audun Seilen – leiar 2024	2023	2025
Anne Gerd Nysveen	2024	2026
Stein Birger Dalland	2023	2025
Jan Tore Veland	2022	2024
Job Normann Nedrebø	2023	2024
1. vara Sidsel Neteland Linga	2024	2024
2. vara Odd Midtbø	2024	2024

Leiar utnemnt for eit år om gangen.



Hardangervidda. Foto: Gunstein Sætre..



Lam på beite i samnanger/kvam fjella. Fotograf Kato Hilleren

Årsmøtet 2023

Referat årsmøtet Hordaland Sau og Geit 2023

Tid: 24. – 25. februar

Stad: Quality Hotel Edvard Grieg. Sandsliåsen 50

1. Opning av møtet

Ove Holmås ønske alle velkomne til Årsmøte for Hordaland Sau og Geit 2023.

Leiar Reidar Kallestad sa dette i sin tale til Årsmøte:

Trivelig å så at så mange kunne møte! Ei ny tid etter pandemien. Det var eit godt jordbruksoppgjer men diverre har kostnadsveksten reist med alle tillegget. Staten har heldigvis gjett kostnad kompensasjon på ein del ting som til dømes handelsgjødse. Diverre utblir NSG sentralt frå vårt Årsmøte. Det skulle koma ein person men forfall i siste time. Dette beklagar eg! Sauetalet i Vestland (Hordaland) held seg stabilt. Ca. 2200 søker tilskot i Hordaland og ca. 3500 i Vestland. Utfordrande i sluttmarknaden.. lam blir dyrt for mange og i konkurransen med lyst kjøt tapar lammet. Men lam er blitt ein festmat og her er forbrukaren villig til å betale ein god pris. I Hordaland er det omtrent ikkje rovdyr- ørna er den som er mest utfordrande i enkelte områder. Det er ein del sauehaldarar som ikkje er medlemmer i NSG. Dette er eit arbeid som styret i HSG ha fokus på og vil ha fokus på framover.



Reidar Kallestad.

Takk til dykk som er her!

Spørsmål: Skrantesjuka? Kan du sei litt om det?

- Prøveuttak av hjortevilt.
- Restriksjonar- salteplassar
- Får ikkje ta inn nye medlemmer til beitelaga i desse områda kor det er Skrantesjuka
- Dette er store utfordringar for beitelaga.

2. Namneoppprop

Kjetil Rødland hadde namneoppprop. 37 stemmerett

3. Godkjenning av innkalling og sakliste

Vedtak: Godkjent.

4. Val av 2 personar til å skriva under møteboka

Vedtak: Odd Midtbø og Kristina Jordalen. I tillegg til møteleiar Ove Holmås.

5. Årsmelding

Styret la fram årsmeldinga for 2022.

Det var desse spørsmåla eller kommentarane:

- **Avlsutvalet:** Dommarsamlinga, denne er svært god.
- **Gjetarhund:** God aktivitet!
- **Vestland Bjøllelag SA:** Kommentar, dette er vil vare framtida!
- **Organisert beitebruk:** Vil gjere ha tilbake den org form som var før der Fylke nå Vestland fordeler midlar til organisert beitebruk.
- **Regionar i HSG:** Skal sjå på dei om dei er rett oppsett og fungera godt
- **Kvam sitt innlegg i årsmeldinga:** Svanhild gjekk gjennom korleis Kvam Sau og Geit arbeider
- **Arbeid med lokallaga og medlemstal:** Ola Steinsland la fram medlemstala og peika på viktige punkter som må vara på plass for å få gode lokallag og nye medlemmer.

Vedtak: Godkjent.

6. Rekneskap

Kjetil Rødland la fram rekneskapen for 2022.

Spørsmål: Kunne rekneskapen vert litt meir oppsplitta slik at ein lettare kan sjå.

Spesielt på det som går til lønn?

Årsresultatet viser eit overskot på kr. 132 384.-

Vedtak: Godkjent.

7. Val av leiar 2023

På val: Reidar Kallestad.

Vedtak: Reidar Kallestad valt med 36 stemmer for eit år.

8. Val av styremedlemmer for 2. år

På val: Kato Hilleren og Oddmund Hildal. Oddmund Hildal har takka nei til attval.

Vedtak: Kato Hilleren valt for 2 år med 35 stemmer ei var blank. Ola Steinsland valt for 2 år med 35 stemmer ei var blank.

9. Val av nestleiar for 2022

Vedtak: Kjetil Rødland valt ved akklamasjon for 2023.

10. Val av varamedlemmer til styret for 2023

1. vara Lars Johan Tveit

2. vara Arne Grindheim

3. vara Kristina Jordalen

Vedtak: Alle valt med akklamasjon for eit år.

11. Val av møteleiar til årsmøtet 2024 med vara

Vedtak: Ove Holmås med Nils Inge Hitland som vara.

12. Godtgjersle til leiar og styremedlemmer 2023

Vedtak:

Forslag frå valnemnda på godtgjersle til tillitsvalde i HSG

Godtgjersle til styret Leiar: 26 000,- Nestleiar: 14 000,-

Leiar Gjetarhundnemnd: 14 000,- Leiar Avlsråd: 14 000,-

Møtegodtgjering etter NSG sine satsar for alle styremedlemmer og utvalmedlemmer

Vedtak: Einstemmig godkjent

13. Val av valnemnd for årsmøtet 2024

Instilling frå valnemnda for 2 år er:

Region 3 Andreas Vorland med vara Mons Kjetil Vevle

Region 5 Even Øyri med vara Lars Norheim

Region 6 Marius Grønlien med vara Ragnar Byrkjenes

Region 7 Knut Skjervheim med vara Jon Atle Jordalen

Det kom benkeforslag på Frode Tveito frå region 6 som medlem i valnemnda for 2 år i staden for Marius Grønlien.

Vedtak: Einstemmig godkjent

Region 3: Andreas Vorland, vara Mons Kjetil Vevle

Region 5: Even Øyri, vara Lars Norheim

Region 6: Frode Tveito, vara Ragnar Byrkjenes

Region 7: Knut Skjervheim, vara Jon Atle Jordalen

14. Val av utsendingar med vara til Årsmøte NSG 2023

(5 utsendingar med 5 varautsendingar i nummerrekkefølge).

Desse blei valt til utsendingar til Årsmøte NSG 2023:

Vedtak: Einstemmig godkjent

- Reidar Kallestad

- Kjetil Rødland

- Ola Steinsland

- Kato Hilleren

- Svanhild Aksnes

Vara:

- Lars Johan Tveit

- Arne Grindheim

- Kristina Jordalen

- Audun Seilen

- Tore Atle Sørheim

15. Innkomne saker

Det kom sak inn til HSG berre dagar før årsmøte der Vestland Bjøllelag SA søker HSG om økonomisk støtte på kr. 100 00.-. HSG diskuterte saka i styremøte dagen før årsmøte og bestemte:

Saka blei diskutert i årsmøte der ein blei einig om og forankra saka opp med lokallaga og legge denne fram som eiga sak i årsmøte 2024.w

16. Arbeidsplan for 2023

Styret la fram forslag til arbeidsplan for 2022.

Månad	Tema	Ansvar
Januar	Info heimesida (kvar veke/månad) Fokus rovdyr (heile tida) Årsmelding Apotekavtalar Jordbruksforhandlingane med NB og NSB Teams Medlemsverving (heile tida) Org kurs Styremøte	Styret Styret Styret Kjetil Styret Styret Styret Styret
Februar	Landbruksrådet Vestland Jordbruksforhandlingane med lokallaga Teams Årsmøte Quality Hotel Edvard Grieg Styremøte	Styreleiar Styret Styret Styret
Mars	Årsmøte NSG Årsmøte VB Årsmøte HBS Min side med lokallaga Fagmøte i regionane (vår- Haust)	5 utsendingar Reidar Styret Styret Styret/regionane
April/Mai	Lamming	Alle
Juni	Grillaksjonen ?	Styret/NSG
Juli		
August	Samling kåringsdommarar Vestland Fagsamling (Fjelldagar)	Avlsutvalet Styret
September	Kåring Fylkesmeisterskapen i gjetarhund	Avlsutvalet Gjetarhundnemnda
Oktober	Kåring Leiarmøte/fagsamling. (Helse) Lam i Skulen	Avlsutvalet Styret Styret
November	Oppfølging dyrevelferds program	Styret
Desember	Utnemning av nemnder i HSG	Styret
Januar 2024	Årsmelding Kurs «Nye/unge bønder»	Styret Styret
Februar 2024	Årsmøte	Styret

Vedtak: Godkjent

17. Budsjett HSG 2022

Styret la fram forslag til budsjett for 2023 med eit underskot på kr. 97 000.- Dette skal dekkast inn med midlar HSG har på konto. Dei siste åra ved Pandemi har ikkje HSG brukt mykje resursar på lokallag og vil difor styrke denne delen i 2023. Budsjettet gjelder også for Avlsutvalet og Gjetarhundnemnda.

Vedtak: Godkjent med eit underskot på kr. 97.000.- for 2023.

Inntekter	Budsjett 2022	Budsjett 2023
Medlemspengar	430 000,00	430 000,00
Inntekter kåring	172 000,00	165 000,00
Kursavgift gjetarhund	12 000,00	30 000,00
Tilskot fagsamling nye/ unge bønder		50 000,00
Årleg tilskot overf.drift/avl	35 000,00	35 000,00
Årleg tilskot overf.drift/gjetarhund	35 000,00	35 000,00
Annonseinntekter	45 000,00	45 000,00
Renteinntekter	4 000,00	25 000,00
Leier møte/Fagsamling		80 000,00
Årsmøte		40 000,00
Sum inntekter	737 000,00	935 000,00

Kostnader	Budsjett 2022	Budsjett 2023
Lønn	120 000,00	160 000,00
Arb.gjev.avg	17 000,00	22 000,00
Møteutgifter	20 000,00	20 000,00
Årsmøte	70 000,00	120 000,00
Årsmelding	25 000,00	28 000,00
Leiarmøte/Fagsamling	50 000,00	200 000,00
Fagmøter *	20 000,00	70 000,00
Øyremærker	7 000,00	7 000,00
Årleg tilskot drift/gjetarhund	35 000,00	35 000,00
Årleg tilskot drift/avl	35 000,00	35 000,00
Tilskot klyppekurs	30 000,00	30 000,00
Deltakaravgift gjetarhund	18 000,00	20 000,00
Kåringsklær	6 000,00	5 000,00
Rekneskap/kasserar/kontorutg.	45 000,00	45 000,00
Kontorutgifter	5 000,00	5 000,00
Bilgodtgjersle	50 000,00	55 000,00
Reiser/oppald	15 000,00	20 000,00
Diett	85 000,00	85 000,00
Reklame		5 000,00
Gåver	15 000,00	15 000,00
Div. utgifter	5 000,00	5 000,00
Sum utgifter	737 000,00	1 027 000,00

Resultat		- 92 000,00
-----------------	--	--------------------

* Fagmøter kr 70,000 er i form av tilskot til møter i regionane der lokallaga vel tema, HSG dekker utgifter inntil 10000 kr for 6 - 7 møter

Avslutning:

Reidar Kallestad avslutta årsmøte med og takka Oddmund Hildal for sitt arbeid i HSG. Reidar takkar og alle for eit godt årsmøte og for godt samarbeid med lokal-laga, nemnder/utval og styret. Reidar yngste nytt styremedlem og varamedlem velkommen. Reidar takkar og for ny tillit og vil saman med styret arbeide for det beste for småfeholdet i Hordaland.

Takk for godt møte!

Ove Holmås
Ove Holmås

Kristina Jordalen
Kristina Jordalen

Odd H. Midtbø
Odd Midtbø

Ref.

Karulf Hákuell
Karulf Hákuell

NORSKPRODUSERTE VARER FOR NORSKE FORHOLD
Tlf.: 56 34 95 00 Radøyvegen 2502 · 5937 Bøvågen · E-post: post@gaardbrukerservice.no
www.gaardbrukerservice.no

 **GÅRDBRUKERSERVICE**
LANDBRUK & MARINA AS ETABLERT I 1981



MEGET GOD
GJØDSEL-
GJENNOM-
GANG

Hullrist for sau

Hullstørrelse 15 x 55 mm. Lett sandblåst overflate for bedre/tykkere varmgalvanisering, samt litt mindre glatt for dyrene.

Laget av 4 mm stålplate. Byggehøyde 50 mm for 200 cm og 240 cm, 80 mm for lengde 300 cm.

Meget god gjødselgjennomgang, selv ved vanskelige driftsforhold.




EGENPRODU-
SERT SIDEN
1981

Tverrdelt og langsgående etefronter

Vi har etefronter både med og uten stengsel. Disse har vi produsert siden 1981 med små endringer utifra erfarne saueholdere sine ønsker.

Spør oss om tilbehør til disse som f.eks forrist, bakgrind og ekstra port.

Kan også leveres med endebetjent stengsel til langsgående etefronter.



Plastplater (PE) og kjøreplater

Veggplatene er velegnet i fuktige omgivelser med krav til renhold og miljø. Glatt på begge sider. Kjøreplater (LDPE) med riller på en side for å beskytte underlag som plen, brostein, asfalt, kabler etc.

Annet

- Forhekker, rullende eller glidende med langsgående eller tverrdelt etedpning.
- Vi leverer staur og not.



Langsgående innredning med skillegrind og drivgang

Langsgående eller oppdelte eteplasser. Leveres også med halsåpning for geit.

Spesielle ønsker eller mål: Be om et pristilbud.



Strekkmetall

Alle standard bredder og lengder, i 4 mm tykkelse. Løse strekkmetallrister er et tradisjonelt sauegulv som blir mye benyttet. Kanskje også markedets rimeligste drenerende gulv.

Vi leverer både standardmål og spesialmål! Ta kontakt med oss!



Strekkmetall på stålramme

Byggehøyde 45 mm, med 4 mm strekkmetall. Leveres i lengder til og med 360 cm. Kan spesialtilpasses dersom standard mål ikke kan benyttes.

Norskproduserte lettskinner

Vi har solide norskproduserte lettskinner i alle standard lengder både med og uten krybbe, lamme-gjømmer og bøtteholdere, samt alt av festemateriell og teiner til dette.

Lager også på mål.

Se vår hjemmeside eller finn.no for flere produkter



Vi hjelper bonden til enda bedre resultater!

Fatland er Norges største private kjøttbedrift. Også i høst har vi opplevd stor etterspørsel etter lam. Vi takker våre gode leverandører for tilførselen av kvalitetslam.

Ta kontakt med oss for en hyggelig prat om våre svært konkurransedyktige priser og vilkår.

Fatland Oslo: 97 69 26 50

Fatland Ølen: 97 98 55 22

Fatland Jæren: 97 97 21 20



Fatland

www.fatland.no

Investerings og bedriftsutviklingsmidlar i landbruket – IBU midlar. Forvaltast av Innovasjon Noreg.

Innovasjon Noreg forvaltar IBU midlar og har i overkant av 150 millionar til rådvelde i Vestland fylket i 2024.

Kring 10 % av desse er satt av til utvikling av sauebruk.

Viss ein går med planer om å bygge ut sauebruket kan ein søkje om tilskot hjå Innovasjon Norge. Normalt kan ein få eit tilskot på inntil 30 % av godkjende kostnader. Viss ein driv berre med sau bør ein kome opp i nærare 100 vinterfôra sau etter utbygging. Når ein driv eit kombinasjonsbruk er det ikkje sett ei nedre grense. Lønsemd er avgjerande for drifta og for å motta tilskot. Som i alle utbyggingsprosjekt er det her òg viktig å halde byggekostnadane nede.

For utbyggingsprosjekt innan geitehald vert det normalt sett ytt eit tilskot på inntil 30 % av godkjende kostnader.

Er ein under 35 år på søknadstidspunkt og nyleg har teke over, eller kjøpt ein gard kan ein søkje om generasjonsskiftemidlar. Normalt 40 % av kostnadsoverslaget, inntil kr. 800.000, noko som forutsett ein maksimal kostnadsoverslag på 2 millionar. Ein kan her søkje om mindre ombyggingar eller utbetringar av driftsbygningar.

I 2023 løyvde Innovasjon Norge 16,7 millionar til utbygging av sauebruk i Vestland fylket. Det var 22 prosjekt som fekk løyvd tilskot som ga eit gjennomsnitt på 760.000 kr. per prosjekt. Det var likevel eit spenn mellom størt og minste prosjekt som går frå 250.000 til 1.250.000 kr. Av dei 22 prosjekt var det ca 10 bruk som totalrenoverte eksisterande båsfjøs og bygde om til sau. Der ser vi ein god del gode løysingar for sauehald framover.



Bilde frå Felleskjøpet Agri

Leiarmøtet 2023

Referat leiarmøte/fagsamling i Hordaland Sau og Geit

Tid: 27. – 28. oktober 2023

Stad: Scandic Flesland

Dag 1:

Velkommen v/leiar i HSG Reidar Kallestad

Vellkommen til alle. Beklager at program kom seint ut, er ikkje alltid like lett og få program til å gå i hop. Men ser den... dette er for kort tid!

Registrering:

Kjetil gjekk gjennom namnelista.

Gjetarhundnemnda Audun Seilen

God «guff» for tida .. mange er med.. Stor konkurranse og godt fellesskap gjer at mange vil vara med. Oppdatere og ta i bruk kontaktlista i lokallaga. Innspel: «Hund, Sau og Geit». Sjå presentasjonen på heimesida til HSG : www.nsg.no/hordaland/gjetarhund/hordaland-gjetarhundnemnd/

Avlsutvalet v/Tore Atle Sørheim

- Gjennomgang av kåringa.. 2023 er nesten lik som 2022.
- Spørsmål som er kommet opp er dagsats og km godtgjersle.
Er denne god nok i dag?
- Viser til statistikk: Sjå NSG - www.sauavl.nsg.no/karingsstatistikk_list.cfm

Valnemnda HSG for 2023

Andreas Vorland gjekk gjennom arbeidet i valnemnda.. prøver å få i gang regionane. Kommer litt lite innspel til valnemnda. Ber om mange innspel slik at valnemnda kan leggja fram eit godt forslag til årsmøte. Møte i regionane ikkje berre valnemndsarbeid, kan kombinere dette med anna aktivitet i regionane. Mons Kjetil: Kom ut med kva kompetanse som feilar i fylkesstyret.

Faginnlegg ved Knut Tore Nes Helle nestleiar

Vestland Bondelag med tema

«Framtida for sauen i Vestland»

Snakka sauen opp i Vestland Fylke, er ei politisk næring. Sauekalenderen, er ikkje lett å kombinera med organisasjonsarbeid.

Samarbeid med andre næringar, som t.d. vindparken i Fitjar.

Rødt kjøtt - klima eller næringspolitikk?

Jordbruksforhandlinger, kom med innspel.

Så innlegget i sin heilheit på HSG sin heimeside:

www.nsg.no/hordaland/info/fagartikklar-og-presentasjoner/



Middag med sosialt samvær

Under middagen blei Eilev Veseth tildelt prisen for «Gromsauen 2023» som han blei tildelt under årsmøte til NSG.

Her kunne ikkje Eilev møte grunna sjukdom.



Dag 2:

Velkommen v/leiar Reidar Kallestad

Velkommen alle!

- Takk for innsatsen
- Jordbruksavtalen innspel me produsera mat kjøtt og ull
- Naturlandskapspleie
- Høg kvalitet på lammeslaktet.. festmiddag
- Oppregalde miljø.. er viktig for god produksjon
- Lokallag som ikkje funkar heilt arbeider med denne saka.



Dyrevelferdsprogrammet på sau v/Spesialveterinær Silje Johnsgard frå Animalia

Eiges av bøndene og driftast av Animalia

Har arbeidt med dett eit par år

Sjå heimesida:

www.nsg.no/hordaland/info/fagartikklar-og-presentasjonar/



Klimaarbeid i landbruksnæring v/klimakoordinator Lene Monsen frå Klima Vest

Er samansett av organisasjonane i Vestland fylke.

Lene gjekk gjennom oppbygginga kven som er med og arbeidet med klimaarbeid i landbruket. Sjå innlegg på heimesida:

www.nsg.no/hordaland/info/fagartikklar-og-presentasjonar/



Slik gjer me det i Bømlo Sau og Geit - medlemsverving i lokallaga v/Ola Steinsland

KOla Seinsland gjekk gjennom arbeid i lokallaget i Bømlo. Ha snakka om korleis dei arbeider med medlemmene og tilbyr nye medlemmer om og bli med i lokallaget. Ha også hatt «Kjøtt i skulen» som også var vellukka.

Sjå innlegget på heimesida:

www.nsg.no/hordaland/info/fagartikklar-og-presentasjonar/

Nytt frå Statsforvaltaren i Vestland v/Mary Ueland

IMary Ueland heldt eit inspirerende innlegg med tema nytt frå Statsforvaltaren

Sjå heile innlegget på heimesida:

www.nsg.no/hordaland/info/fagartikklar-og-presentasjoner/



Kjøtt i skolen v/Nils Inge Hitland

Gjennomgang om korleis Bergen og Os sau og geit har tatt fram dette prosjektet. Eit kjempegodt tiltak! Sjå presentasjonen frå Nils Inge på heimesida til HSG:

www.nsg.no/hordaland/info/fagartikklar-og-presentasjoner/

Retningslinjer for gjerdehold v/tidlegare Jordskiftedommar Agnar Nausdal

Pensjonert jordskiftedommar Nausdal heldt innlegg med tema «Retningslinjer for gjerdehold. Nausdal har lang fartstid innan faget. Han hadde diverre ikkje laga noko presentasjon av innlegget. Dermed har ein ikkje noko å legge ut på heimesida. Nausdal sa at var det noko spørsmål er det berre å ta kontakt.

Oppsummering med avslutning

Reidar avslutta med ei oppsummering.. takk til alle som har vert med.. Takk til alle deltakarane for godt engasjement.

Ref. Karluf Håkull



Sau på beite i Bergsdalen. Foto Kjetil Rødland.



Trivelege karar på sommarbeite. Foto: Kristina Jordalen.



Sanking, utsyn mot Hamlagrøvatnet. Foto: Kristina Jordalen.

Innspel Jordbruksforhandlingane 2023



Hordaland Sau og Geit

Innspel Jordbruksforhandlingane 2023

Norsk Sau og Geit
v/Lars Eirik Wallin

Hordaland Sau og Geit har hatt 2 teams møte med tema Jordbruksforhandlingane 2023.

Fyrste møte var med Vestland Bondelag, Småbrukarlaget og lokallag. Andre møte var med lokallaga. Her vert det gjennomdiskutert kva områder som må styrkast for at ein skal kunna auka inntekta i småfeholdet og «redusera» litt på inntektsgapet mellom småfenæringa og arbeidstakarar.

Vestland Fylke med Hordaland har låg gjennomsnitt størrelse på buskapane og i vårt oppsett har HSG tatt eit eksempel på eit bruk på 75 v. f. sau.

Bruket leverer 1,33 lam til slakt pr. v. f. sau og disponerer 120 da til slått og beite 150 av dyra nyttar utmarksbeite i løpet av året.

75vfs/120da

Ordning	Anntal	Auke i kr pr. enhet 23-24	Auke for bruket 23-24
Produksjonstilskot	75stk	100	7500 kr
Beitetilskot	200stk	20	4000 kr
Beitetilskot utmark	150stk	65	9750 kr
Kulturlandskaps tilskot	120da	20	2400 kr
Arealtilskot grovfor	120da	50	6 000 kr
Kvalitetstilskot lam	100stk	50	5000 kr
Prisauke lammeslakt	2000kg	4	8000 kr
Prisauke saueslakt	300kg	4	1200 kr
Avløysertilskot	75 stk.	30	2250 kr
Distriktstilskot	2300kg	5	11500 kr
• Ull	450 kg	30	13500 kr
Totalt			71 100kr

I tillegg må desse punkta prioriterast:

- Investeringsstøtte Organisert beitebruk
- Auke i investeringsstøtte til restaurering/ombygging av eksisterande driftsbygningar
- Auke i støtte til grøfting av areal
- Avløyserordning ferie/fritid mjølkegeit/mjølkesau
- Maksimalsats avløyasing ferie/fritid
- Maksimal dagsast for avløyasing ved sjukdom
- Auke støtte til saueavl innanfor NSG
- Ull.. her må prisen løftast. Den gode ulla er etterspurt. Difor er det viktig vare på den slik at industrien får det dei etterspør.
- Ammegeit sidestilles med sau i utmåling av produksjonstilskot. Sjå vedlagt brev.



Sau på beite i Bergsdalen. Foto: Åsne Tesdal Rødland.



Foto: Kristina Jordalen

Leiarar i Hordaland Sau og Geit

Johan Byrkjeland, Stend	1947 – 1949
Kristian Mayer, Rådal	1949 – 1950
Johan Byrkjeland, Stend	1950 – 1951
Kristian Mayer, Rådal	1951 – 1964
Leif Vevatne, Skulestadmoen	1964 – 1966
Aage Lavik, Eksingedalen	1966 – 1968
Arne Bekken, Rosendal	1968 – 1969
Haldor Lunde, Bulken	1969 – 1971
Helge Bergo, Eksingedalen	1971 – 1981
Anders Skjerveggen, Voss	1981 – 1983
Eilev Veseth, Osterøy	1983 – 1989
Jarle Helland, Radøy	1989 – 1996
Olav Gunnar Hjelmeland, Kvinnherad	1996 – 1999
Martin G. Haugland, Sveio	1999 – 2001
Ove Holmås, Lindås	2001 – 2008
Inga Winjum Rørlien, Granvin	2008 – 2010
Nils Inge Hitland, Bergen	2010 – 2017
Reidar Kallestad, Lindås	2017 -

HMV

slepeslangeutstyr



HMV stripespreder
7,5 og 9 meter



*Kontakt dykkar reiskaps-
leverandør eller oss for
nærare informasjon!*



HMR

www.hmr.no

NORSKPRODUSERTE SKINN SIDAN 1951

- Me tar i mot skinn for beredning
- Hentar returskinn på dei fleste slakteri
- Velg kun ut dei beste råvarene til beredning

Salg av alle typar
skinn og lær,
engros-detalj



FABRIKKUTSALG I ØLENSVÅG, VELKOMMEN!

MAN-TOR 10-16 / FRE 10-17 / LØR 11-14

**BJOAVEGEN 187 - 5582 ØLENSVÅG
TLF. 52 76 50 00 - GRANBERGGARVERI.NO**

**GRANBERG
GARVERI AS**



**HISSFJORD
MASKIN AS**

**913 14 397 | post@hissfjord.no
www.hissfjord.no**



Hordaland

Ditt lokale vikarbyrå

gjerde.no

HT-GJERDE – EIT NIVÅ OVER



Eit HT-gjerde (High Tensile Fence) ser finare ut, krev lite vedlikehald og står stødig og stramt i mange tiår. Det vert sett opp ved hjelp av ein spesiell gjerdeteknikk som nyttar monteringsmetodar og materialar som tåler ei mykje kraftigare oppstramming enn andre gjerde.

Gjerdet eignar seg på alle typar areal då det vert sett saman av ulike typar pålar avhengig av underlaget. Hjørner, grunder og andre festepunkt har spesielt kraftige konstruksjonar. Gjerdene kan leverast med eller utan elektrisitet.

NLT Hordland har utstyret og kompetansen til montering av HT-gjerde.

Ta kontakt!

Tlf. 415 31 490
post@nlth.no



Sjusetevegen 27, 5610 Øystese | post@nlth.no | 415 31 490

Vi har det meste rimelegare enn dei fleste!

Klippeutstyr



Hengemaskiner, handklippemaskiner med batteri eller 230 V, knivar, kammar m.m.

Drikkeutstyr for sjølvmontering



Vi har alt du treng for montering av drikkeutstyr til husdyr. Mange modellar drikkekar, stål- og plastrøyr, røyrdelar m.m.

Aktuelt til lamminga



Mjølkepumpe for sau og geit. Enkel i bruk.
Råmjølkeserstatning - reddar tusenvis av lam.
Lammebar - med 5 eller 10 smokkar monterte oppe. Størrelse 20 til 65 liter.

Gjerdeutstyr



Stort utval i elektrisk gjerdeutstyr.

Nessemaskin

Sjøarsv. 5, 6994 Nessane, Tlf. 57 69 48 00

www.nessemaskin.no

Avlsarbeidet på sau 2023

Desse har vore medlemmar i avlsutvalet for sau:

Tore Atle Sørheim Leiar
Mons Kjetil Vevle N.Leiar
Nils Inge Hitland Medlem
Ingunn H.Teigland 1.Varamedlem (ny)
Karluf Håkull Nortura
Hilde K.Haaland Fatland til 01.07.23(ikkje fått erstatter)
Observatør frå styre, Kato Hilleren, HSG

Arbeidsoppgaver for avlsutvalet for sau:

- Ansvar og gjennomføring av kåringssjåa i Hordaland
- Oppgradering og kursing av kåringsdommarar
- Spreiing av avlsframgongen til bruksbesetningar
- Bindeleddet mellom til avlsrådet, og væraringane i fylka
- Arbeida for at saker frå avlsrådet vert gjennomførte.
- Væra styre i HSG sitt rådgjevande organ i avlsaker/spørsmål

Aktivitetar i meldingsåret:

Dommarsamling

Mandag 28. august hadde me dommarsamling i Nord Hordaland, heime hos Randi Undertun og Ove Holmås, dei aller fleste kåringsdommarane i Hordaland møtte til ei svært verdifull samling. Slike samlingar gjer at dommarane dømmer lamma meir likt og me prøver oppsummera dei viktigaste regelendringane, spesielt i smårasane.

Ove Holmås stod for den praktiske gjennomføringa som ein dommar har ved dømning av lam, Ove er nøyaktig og flink, men meiner me som dommarar brukar litt lang tid på enkelt dyr..Tore Atle Sørheim leiar i avlsutvalet i Hordaland drog gjennom endringar i teoridelen . Seinare fekk dommarane prøva dømninga i praksis og me fekk utveksla erfaringar og synspunkt på ei mest mulig lik dømning. Randi og Ove stilte med lam med variasjon i ull og kropp. Anne Kristin Tonning stod for opplegget med middag og gjorde ein kjempeflott jobb i forkant og under samlinga.Maten var alldeles nydeleg.

Samlinga vart avslutta med ei oppsummering og samtlege deltakarar var svært nøgde med opplegg og gjennomføring. Eg vil på vegne av avlsutvalet i fylket takka Randi og Ove for deira velvilje til denne samlinga, alt arbeidet dei legg ned for HSG og eg håpar og trur ALLE som kårar lam i Hordaland vil sjå at våre dommarar er «på topp».



Domarsamling hjå Ove Holmås.

Kåringssjåa

I 2023 vart kåringssjåa avvikla stort sett som vanleg. Da vart stillt mange og gode lam til kåring også dette året. Tilbakemeldingane til avlsutvalet er positive og miljø /opplevinga for den enkelte er svært god. Kåringa vart gjennomført i perioden fredag 22. september til søndag 1. oktober, 13 sjå og 16 svært hektiske dager. Da vart i 2023 dømt, kåra og vraka lam ca. som tidlegare år, stillt 1244 lam av 196 utstillarar. I Hordaland har me stabilisert oss rundt desse tala. Vrakingsprosenten var i år 16 % og på landsbasis 18%.

Kåringssjåa er kvart år ei stor utfordring for oss, men takka væra eit godt samarbeid mellom fylkeslaget, avlsutvalet, dommarar og dei lokale laga vart sjåa gjennomført etter boka og til 20 i stil, tusen takk.... (litt subjektivt). Alle kåringsdagar er avtala med kåringsansvarlege i lokallaga og med visse tilpasningar går dette som vanleg bra. Da mest alarmerande for dommarrekutteringa vår er at for mange dommarar i enkelte område gir seg/har ikkje tid, dette er trasigt då me treng intresserte personar.

Avlsarbeidet på sau i Hordaland er godt, og interessa er stor både til kåring av lamma, indeksar og levering av værar til seminstasjonen. Avlen i væraringane og smårasane blir drive seriøst, I seminkatalogen som kom i haust var mange av værane født i Hordaland, både indekxværar og småraseværar, dette viser da stora mangfoldet av gode værar frå fylket.



Kåringssjå på Askøy. Foto: Grete M. E. Haugland.

Ringane i Hordaland 2023

NKS i ring, 142,144,146,148,150,151,152,154,155,158:

Beste avkomstgranska NKS væren og beste av alle værar i Hordaland i 2023 var vær 202250501 «Fram Mæland» O-ind 144, ring 142, alar Magne og Olaug Mæland, Bømlo.

Spæl i ring, 143,155 og 159:

Beste avkomstgranska Spælvær i Hordaland 2023 Vær 2022 52262 «Kvitna-Staut» O-ind 134, ring 159, alar Knut Kvitne, Voss.

Sjeviot i ring 141:

Beste avkomstgranska Sjeviotvær i Hordaland 2023 Vær 2022 52167 «Hauk 2» O-Ind. 138, Ring 141, alar Dag Sigve Arefjord, Brattholmen.

Semin

Resultatet etter insemineringa hausten 2023 er ikkje klart enno, men «ryktene» går på at da er nåken som har gode resultat, medan andre har veldig dårlige resultat?

Oversikt over væraringane i Hordaland med kontakt person pr 2023:

Ring	Veraring	Kontaktperson
141	Bergensområdet sjeviot	Henrik Steinsund
142	Stord NKS Væraring	Jarle Ansgar Helland
143	Kvinnherad-Ølen-Etne Spælværring	Martin G. Haugland
144	Vossaringen NKS Væraring	Knut Skjervheim
146	Ulvik Væraring	Sjur Rondestveit
148	Nord Hordaland NKS Væraring	Anders Konglevoll
150	Sveio NKS Værering	Olav Håvardsholm
151	Ytre Hardanger NKS Væraring	Leif Trygve Berge
152	Etne NKS Væraring	Ole Sævareid
154	Strilavereringen NKS Væraring	Simen Skjoldal Vik
155	Kvam og Samnanger Væraring	Leif Ove Aksnes
158	Hardanger NKS Væraring	Frode Tveito
159	Hordaland Spæling	Kristina Jordalen

Til slutt vil avslutvalet for Sau takka alle lokale saualag , veraringar , landbrukskontor, dommarar, Nortura ,Fatland og HSG v/styre for godt samarbeid gjennom året som gjekk.

Kattatveit, 7. januar 2024

Tore Atle Sørheim

Leiar i avslutvalet for Sau



Sau på Hardanger vidda. Foto: Gunstein Sætre.



Sau på beite i Kvinnherad. Foto: Ola Steinsland.

Vestland Bjøllelag SA, årsmelding 2023

Styret VB har 2023 bestått av:

Audun Seilen – Søre Steinsland Beitelag (Leder)
Øystein Hennø – Nordhordland Beitelag (Teknisk)
Ove Holmås – Beinhelleren Beitelag
Odd Henning Midtbø – Østerbø Beitelag
Jon Nummedal – Vik Beitelag
Kari Elsa A. Des Bouvrie – (Observatør)
Mary Ueland – Statsforvalteren i Vestland (Observatør)



Litt historikk

Vestland Bjøllelag SA vart etablert sommaren 2022. Bakgrunn er eit fellesprosjekt mellom beitelaga som beiter inn mot Stølsheimen. Prosjektet gjekk på å få betre signaldekning til sporing av beitedyr. Øystein og Audun i samarbeid med Telespor, gjorde sommaren 2021 eit mindre feltforsøk. Med dette som bakgrunn og i samråd med Statsforvaltar, inviterte me mars 2022, Telespor, aktuelle beitelag, fylkeslag, representantar frå statsforvaltar og kommunane, til eit felles infomøte. Møtet reagerte positivt og eit interimstyre vart valgt. Oppgåva var å jobba fram eit 3 års prosjekt i Stølsheimen, parallelt med at ein skulle sjå på mulighet for å starta bjøllelag, då fortrinnsvis eit felles lag for Vestland fylke. Vestland Bjøllelag SA vart som sagt starta og formelt registrert Brønnøysund, samt mva registrert sommaren 2022. 48 medlemmer, 12 baser og knapt 1000 bjøller med i prosjektet 2022.

Videre gjennom 2023


VB vart vinteren 22/23 invitert av diverse lag, kommunar etc til å presentera prosjektet laget hadde gåande. Interesse om å vera med auka på og ein svært krevande kabal måtte leggjast for å kunna landa trygt. Simulering av dei nye områda, kva trengs av baser, behov bjøller, fordeling av kostnader osv, osv. Med så stor aktivitet vert store summer involvert. Me jobba tett mot Telespor ang leveranser, betalingsfrister osv. Parallelt vart det søkt om midler der det var mulig. Beitebruksmidler er den viktigaste biten, og der vart lista lagt på ca 50% av nypris bjølle. Enkelte kommuner stiller godt opp og tildeler, medan andre, gjerne med større antall bjøller ikkje klarer dekkja behovet. Utfordringa vert at VB i utgangspunktet ikkje har grunnkapital til innkjøp, samtidig som årskostnad til den enkelte skal haldast så lav som mulig.



Som bildet nedenfor viser, har 2023 vore svært aktivt. Beitelag i store deler av fylket har tatt i bruk systemet.

Vestland
Bjøllelag SA
i
2023:

139 medlemmer
Ca 3850 bjøller



Gjennom sommaren 2023 vert det oppdaga problemer med stabiliteten på deler av bjøllena. Telespor har tatt problema på alvor og jobber med å løysa dette før ny sesong.

Status
2023:


Status for sommaren 2023

- 3838 aktive bjøller med basis lisens totalt sett
- 3746 aktive bjøller med LoRa lisens
- VB eig 2230 bjøller av desse (2156 på LoRa lisens)
- 911 bjøller gjekk i blått (slutta å fungere) før sanking
 - Dette svarer til ca 24% av total beholdning (11% i 2022)
- 300+ bjøller hadde utslag på fukt indikator
 - Telespor erkjenner utfordringar rundt batteri -propp
- Fleire problem rundt stabilitet og oppførsel på bjøller er rapportert til Telespor og dei tar dette alvorleg
- Fleire tapte bjøller og dyr i fjellet pga. bjøller som gjekk i blått før sanking.




Analyse av beitemønster, beitetrykkskart osv er ein svært nyttig del av kva dette verktøyet kan brukast til. Nedenfor sporingsdata frå forskjellige område 2023.


Stølsheimen, Masfjorden




Hardangervidda nord




Hardangervidda sør



Kvinnherad




Sogndal, Leikanger



Fresvik



Beitetrykkskart (Stølsheimen)



Forventningar 2024:

Kva forventar me for 2024



- Det jobbast med utprøving av ny programvare for bjøller
 - Vert testa hjå Audun Seilen og Steinar Hennø kor ein LoRa test base monterert hjå Steinar Hennø
 - Ein grov feil funne og retta, samt et par andre mindre (testing pågår)
- VB har flagga behov for at App MÅ fungera i 2024, for alle telefonar
 - Mogeleg at ny App vert utvikla
 - VB ytra krav om at App må støtta:
 - Brukarar ser «Beitelags kart» for sitt område, dvs alle dyr i området
 - Mogeleg å endra innstillingar/intervall for bjøller
 - Betre / enklare offline kart
- VB kjem til å stille krav til brukarar om å smøre pakning med kvit syrefri vaselin for å betre integritet ift pakning på batteri-propp
 - Dette for å redusera mogelegheit for fukt skade
 - VB vil gjere samla innkjøp og tilby kvit syrefri vaselin
- Ny og betre batteri-propp med dobbel O-ring
- Pilot på lakkerte kretskort i bjøller
- Pilot på oppladbare batteri
- Pilot på «Ranger Edge» funksjon



Ranger Edge (grønn dings) gjer det mulig å kommunisera via LoRaWan systemet der det ellers ikkje er mobildekning. Via blåtann vil ein kunna senda enkle meldinger evt kalla opp enkeltbjøller. Mål er òg å få inn 113 funksjon. Gjenstår å sjå om Ranger Edge vert eit godt hjelpemiddel? Er heilt nytt og skal testast i sommar.



Oppsummert

- 2023 har vore hektisk med stor aktivitet.
- Frustrasjon fram mot sanking, då alt for mange bjøller gjekk i blått, er i følgje Telespor tatt på alvor. Ukentlige møter mellom VB og Telespor er med og sikra trøkk på dette.
- VB har landa greitt takka være godt samarbeidsklima mellom alle involverte.
- Me i VB har nok lagt ned eit tal timer langt ut over det som er naturleg å forventa. Så langt er det tatt ut null kr i lønn eller godtgjerdslø. I ein oppbyggingsfase kan dette gå, men ingen løysing på sikt.
- Når 3 års pilotprosjekt skal evaluerast 2024, må økonomi og driftsform framover på dagsorden. Her må faglagane være med i diskusjonen.
- Vert meir og meir dokumentert at sporing er eit framtidig viktig verktøy.
- Å samla dette gjennom ein større aktør som VB, meiner me vil sikra betre og raskare utvikling av produkta, samt betre nytteverdi for den enkelte brukar.
- Opplever at måten VB presenterer og framsnakkar beitenæringa på, bidrar til at stadig fleire òg i storsamfunnet vert oppmerksom på kva viktig jobb me som produserer mat basert på utmarksbeite, faktisk gjer.

Vestland Bjøllelag SA
Audun Seilen, leiar

Sammen tar vi vare på jorda, dyra og framtida

Felleskjøpet tilbyr deg de beste produktene og helhetlig rådgivning i alle deler av bondens drift. Fra maskin og redskap, driftsbygninger og fjøs, til fôr, plantevern, såvare, gjødsel og øvrige landbruksrekvisita.

Vi er tilgjengelige hele året, og er eneste totalleverandøren med skreddersydde produkter og tjenester til landbruket.



Felleskjøpet

Tlf.: 72 50 50 50 • felleskjopet.no



Formel™

Sørg for god og allsidig fôring

Formel Sau Ekstra

Vårt toppkraftfôr til sau fra ca. 8 uker før lamming til beiteslipp. Har et høgt protein (AAT)- og energiinnhold. Tilsatt ekstra E-vitamin for søyer med 3 lam eller mer, og metionin for mer levedyktige lam.

Formel Sau

Til bruk for søyer og livlam fra innsett på høsten til beiteslipp. Gir godt grunnlag for god melkeytelse. Tilsatt metionin for mer levedyktige lam.

Formel Sau Intensiv

Spesialblanding med svært høgt fiberinnhold. Dekker vitamin- og mineralbehovet for sau om vinteren. Tilsatt metionin for mer levedyktige lam.

Formel Lam

Kraftfôr til lam fra fødsel. Har god smakelighet og høgt innhold av AAT. Egner seg godt til kopplam/grillam og til lam på støttefôring, mens de går sammen med mora og dier på beite.

Husk å gi dyra mineral- og vitamintilskudd:
Pluss Sau Pellets og **Pluss Sau Appetitt**.

Gjetarhundnemnda HSG, årsmelding 2023

Nemnda har vore sett saman slik:

Leiar: Audun Seilen

Jan Tore Veland, Stein Dalland, Ivar Haug, Job Nedrebø

Vara: Ingebjørg Kjærevik, Anne Gerd Nysveen og Odd Midtbø



Aktivitet 2023

Styret i Hsg utvida nemnda, med virkning frå 1/1-2023, til 4 medlemmar + leiar + 3 varamedlemmer. Nemnda har i meldingsåret hatt 4 møter og behandla 22 saker. Alle møta har foregått på Teams. Har elles deltatt på styremøter fylkeslaget, lokale årsmøter, samlinger osv, osv.

Hovedmålsetjing for 2023 var å videreføra stor og god aktivitet i fylket og sikra eit godt tilbud til alle. I og med at nemnda er geografisk fordelt, var det naturleg å laga ei **kontaktliste**, der kvar enkelt nemndmedlem har eit ekstra ansvar for å sikra kontakt ut mot det enkelte lokallag i sitt område. **Aktivitetsliste** er etablert, og som fortløpande vert oppdatert og skal innehalda det som er planlagt, samt har vore av aktivitet. I tillegg har me prøvd å halda ein grei frekvens på artikler til heimesida HSG. Jan Tore har handtert dette strålande.

I tillegg til eit stort antall fellestreningar rundt i lokalmiljøa, er det halde 5 kurs i fylket.

Aktivitet	Type	Når	Maks ant	Instruktør	Åpner for påmelding	Status	Tilknyttet lag
Kurs	Gjetarhund	12/2022-03/2023	6	Leif Tveit		Fullt	Bømlo S&G
Kurs	Gjetarhund	4-5/2-2023	8	Ivar Haug		Fullt	Voss S&G
Kurs	Gjetarhund	11-12/2-2023	8	Audun Seilen		Fullt	Indre Hard. S&G
Kurs	Gjetarhund	11-12/3-2023	8	Audun Seilen	24.02.2023	Fullt	Osterøy S&G
Kurs	Gjetarhund	11-12/3-2023	7	Ivar Haug		Fullt	Kvinnherad S&G

Kurs og treningssamlingar er bærebjelken i gjetarhundarbeidet. På denne måten kan ein læra av kvarandre, få tips og hjelp til å komma vidare mot det mål kvar og ein måtte setja seg.

Ekvipasjane frå Hordaland bit bra frå seg òg når det spissar seg litt til

